

IFS
Utarbeidd av

Søknad om utvida løyve til senking av Strudefossvatnet
1548220
Vegard Fagerli

Oppdatert
Godkjent av

15.09.2020
Arild Bruland

SFE Produksjon AS - Østerbø kraftverk

Søknad om utvida løyve til senking av Strudefossvatnet

Utarbeiding og godkjenning av søknad

Prosjekt/kontrakt:	Østerbø kraftverk
Utarbeidd av:	Vegard Fagerli
Dato:	15, september 2020

Oversikt over endringar i søknaden

Ved endring av søknad er det ikkje naudsynt å endre tekst i dokumentet, men ein må legge inn endringar i lista under med referanse til endringa (IFS nr på e-post og liknande).

Ajourføring			
Dato	Omtale av endring	IFS dok.nr. eller anna henvising:	Godkjend av / referanse dok.nr:

1 Bakgrunn

SFE Produksjon AS fekk konsesjon til å byggje Østerbø og Randalen kraftverk i Østerbøvassdraget med regulering av mellom anna Strupefossvatn ved kgl. res 7. juni 2013. OED gav 2. desember 2015 SFE Produksjon AS løyve til planendring for bygging av kraftverket med reguleringar og overføringar (OED ref.: 15/820-, SFE ref.: 1296462).

I tillegg til tidlegare søknadar og vedtak er det denne siste godkjenninga som set rammene for bygging og drift av kraftverket, og som vi legg til grunn for detaljprosjektering og utforming av detaljplan for landskap og miljø (til NVE). Detaljplan for landskap og miljø vart godkjent i mars 2018 (NVE ref.: 201503014-25), og Høyanger kommune har gjeve dispensasjon frå LNF føremål i kommuneplanen sin arealdel (Høyanger kommune saksnr.: 11/564).

SFE Produksjon AS søkte 7. mai 2018 om å få senke Strupefossvatnet frå naturleg vasstand på kote 877,4 ned til kote 875,9 (1,4 meter under LRV) i anleggsperioden for å kunne nytte den tørrlagde strandsona som midlertidig veg mellom overføring og dam. Dette vart det gjeve løyve til 31. mai 2018 (NVE ref.: 200706653-169, SFE ref.: 1436101).

5. desember 2018 vart det søkt om ny senking for 2019-sesongen. Dette gav NVE løyve til 22. januar 2019 (NVE ref.: Vår ref.: 200706653-171, SFE ref.: 1447906).

Det er ikkje søkt om senking av Strupefossvatn etter det. Det vart likevel senka i 14 dagar frå 12. august i 2020. Dette avviket er tilsynsavdelinga ved Ole Per Schei orientert om. Etter samtale med entreprenør ser vi at for å ferdigstille tiltaket ved Strupefossvatn må vatnet senkast ytterlegare 3 veker.

2 Søknad

SFE Produksjon vil med dette søke om eit tidsavgrensa løyve til å senke Strupefossvatnet under LRV frå 21. september til 1. oktober 2020 for å kunne fullføra anleggsarbeida i fjellet. For handsaming av denne søknaden viser vi til dokumentasjon i søknad frå 7. mai 2018 og 5. desember 2018.

For å få ferdig arbeidet ved overføringstunell mellom Strupefossvatn og Randalen (arbeide tørt) treng entreprenør 3 veker med senking av vatnet 1,4 m under LRV. SFE Produksjon AS vil ved eit eventuelt løyve til senking av vatnet sørge for at perioden vatnet er senka vert så kort som mogleg. Vi skal til ei kvar tid levere minstevassføring til Mjølsvikvassdraget.

IFS
Utarbeidd av

1239666
Vegard Fagerli

Søknad om utsleppsløyve
Oppdatert
Godkjent av

15.09.2020
Arild Bruland

Strudefossvatn senka 1,4 m under LRV:



Overføringstunnel Strudefossvatn:

